

HUGLO BYGDELAG  
c/o Sigurd Huglen Skarvene 13

5413 HUGLO

Vår dato: 28.06.2018  
Vår ref: 2017/2123 - 14325/2018 / Q10  
Dykkar ref:

## **Fastlandssambandet Huglo - Tysnes**

Det blir vist til dykkar brev, dagsett 8. mai i år.

Stord kommune takkar for innspel til kostnadsreduksjonar i prosjektet. Stord kommune er positiv til at Huglo Bygdelag vil vere ein aktiv medspelar i det vidare arbeidet med saka.

Hordaland fylkeskommune sendte 31. januar i år brev til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet om førehandsavklaring for ferjeavløysingsmidlar for sambandet mellom Nord-Huglo og Jektevik/Hodnanes. Føremålet med ei slik førehandsavklaring er å få avklart om prosjektet kvalifiserer for ordninga, og å få eit overslag over kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar.

Samferdselsdepartementet har i brev dagsett 28. februar i år stadfesta at prosjektet kvalifiserer for ordninga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav tilbakemelding i brev dagsett 21. mars i år at det blir arbeidd med overslag over storleiken på ferjeavløysingsmidlane. Fylkeskommunen har vore i munnleg kontakt med departementet, som melder at me kan vente svar til hausten.

Med helsing

Lovise Vestbøstad  
kommunalsjef

Andreas Moe Larsen  
kommuneplanleggjar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi til:  
TYSNES KOMMUNE  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
ordfører Gaute Epland  
rådmann Magnus Mjør

Uggdalsvegen 301  
Postboks 7900

UGGDAL  
BERGEN